

Blir du med på kyrkjegarden?

24.08.2011

**VIL NOKON GJERE DUGNADSAMAN MED MEG,
PÅ KYRKJEGARDEN I DAG (onsdag 24.08.11) ?**

Soknerådet ønskjer å vaske, skrape og male gjerdet som går langs vegen (kun denne delen av gjerdet i år).

Vi var 5 personar som vaska og skrapa tysdags ettermiddag. Der er ein del igjen, så dugnaden fortset onsdag kl 15.00. Fint om nokon kan vere med. I tilfelle så er det berre å stille opp.

Når gjerdet er ferdig vaska så skal det malast. Dette gjer vi på den FØRSTE godversdagen som dukkar opp.

Fint om der er nokon som kan vere med oss då også. Elles så er det bestemt at buskfuruane som veks rett ved porten skal fjernast. Her treng vi nokon med motorsag og traktor. Nokon som melder seg ?

Det er veldig kjekt å ha ein velstelt kyrkjegard i bygda vår !
Vennlege helsingar frå

Møyfrid Kristoffersen (tlf 90606517)